



---

Dette dokumentet er ein årsrapport for arbeidet i Sula sokn i 2025. Rapporten er utarbeida for Sula sokneråd, og leggjast også fram for soknemøtet til vitande.

Årsrapporten søker å gje ei oversikt over aktiviteten i året som er gått, og ei framstilling av den økonomiske situasjonen slik den er kjend per no. Årsrekneskapen vert endeleg handsama av soknerådet.

---

**Jan Erik Hovland**  
kyrkjeverje  
Sula sokn

02

# Innhald

<b>06</b>	SOKNERÅDET
<b>07</b>	UNDERUTVAL
<b>10</b>	KYRKJA SIN STAB
<b>14</b>	STATISTIKK & NØKKELTAL
<b>18</b>	VIGSLING TIL PRESTETENESTE
<b>24</b>	SOKNEPRESTEN
<b>26</b>	DIAKONI
<b>31</b>	TRUSOPPLÆRING
<b>34</b>	SAMARBEID SKULE/BARNEHAGE
<b>38</b>	KYRKJEMUSIKK
<b>40</b>	ØKONOMI
<b>42</b>	STRATEGIPROSESS



DEN NORSKE KYRKJA  
Sula sokn

*Ein stad å høyre til*

# Soknerådet

Sula sokn

## Soknerådet har i 2025 bestått av desse medlemmane:

Mari Kristin Blindheim | Adelheid Joan Nesje Dybvik | Johan Mindor Indrevåg | Sogni Margrete Grøndal | Lisbeth Båtnes Hareide | Olav Christian Rønneberg | Anne-Berit Salen | Silje Aannø.

Soknepresten i Sula Anders Barstad er fast medlem av rådet, med vikarprest Stine Margrethe Lerheim som personleg vara.

## Vararepresentantar (i prioritert rekkefølge):

Cecilie Sæther | Markus Aarsund Nygård  
Jarle Sæterstøl | Eivind Kåre Sørheim.

**Kommunestyret sin representant etter kyrkelova har vore**  
Jim-Arve Røssevoll, med Vibeke Bjørkavåg som personleg vara.

**Mari Kristin Blindheim vart vald til leiar i soknerådet for 2025, og Olav Christian Rønneberg nestleiar.**

# Underutval

Sula sokneråd

- Administrasjonsutval
- Arbeidsutval
- Forhandlingsutval
- Diakoniutval
- Barne- og familieutval
- Gudsteneste- og kulturutval
- Kyrkje- og kyrkjegardsutval
- Økonomiutval

I tillegg har soknerådet representanter i:

## Kirkens Nødhjelp:

Adelheid Dybvik

## Kirkens SOS:

Olav Christian Rønneberg

## Kirkens bymisjon, Møre:

Anne-Berit Salen

# Møter

i soknerådet

Soknerådet hadde 9 møter i 2025, og behandla 51 saker. Det vart halde årleg soknemøte 6. april, med mellom anna framlegg av årsmeldinga for 2024.

# Likestilling

i soknerådet

Soknerådet har som mål å arbeide aktivt for å fremja likestilling og hindre diskriminering.

I soknerådet som styrande organ er det 10 faste medlemmar (9 folkevalde, der ein er utnemnt bland politikarane i kommunestyret). Av dei faste medlemmane var det 4 menn og 6 kvinner.

Det er 5 menn og 2 kvinner tilsett i Sula sokn. Ei av kvinnene har deltidsstilling.

# Endringar

og vakanser i staben

I 2025 hadde vi ein til to vikarar inne i periodar av året. Det var små og store vakansar og sjukemeldingar i forskjellige stillingar. I starten av året var Lars Håvard Eikrem tilsett i eit engasjement som kyrkjelydspedagog, til hjelp i arbeidet med barn og unge, og det diakonale arbeidet. Diakonalt hadde også Therese Brungot eit vikariat i 30% gjennom heile året.

Kateket Anne Marie Sødal sa opp si stilling, då ho fann seg anna arbeid på heimplassen sin frå 1. mars, og vi tok til med tilsetting av ny kateket på nyåret. Blant søkarane var vår eigen Geir Harald Eikrem, som ønskte å gå vidare frå kyrkjelydspedagog-til kateket-oppgåver. Han vart tilsett med atterhald om å ta kateketutdanninga på deltid i løpet av dei komande åra. Då vart stillingane han hadde, 75% kyrkjelydspedagog og 25% organist, vakante. Det vart tatt avgjerd om å lyse ut kyrkjelydspedagogstillinga i 80%, og la organiststillinga stå vakant inntil vidare. Lars Håvard Eikrem, søkte og fekk fast tilsettingshøve frå 1. april.

Frå 1. april kom kyrkjevevjerje Jan Erik Hovland tilbake i full jobb etter gradert sjukemelding i fleire år, medan diakon Ingvild Snipsøyr har arbeidd redusert store delar av året.

19. oktober vart Stine Margrethe Lerheim vigsla til presteteneste, og ho endra då tittel frå prestevikar (eller «nestenprest») til kapellan. Vi gler oss med Stine, og du kan lese meir om vigslinga andre stader i denne årsmeldinga.

# Kyrkja sin stab

Sula sokn

**Soknerådet har ansvar for 7 stillingar fordelt på 6,6 årsverk. I tillegg er det 2 prestar fordelt på 1,6 årsverk som gjer teneste i soknet. Desse er tilsett av Møre bispedømme for teneste i Nordre Sunnmøre prosti.**

**Ved utgangen av 2025 er desse fast tilsett til teneste i Sula kyrkjelyd:**

kyrkjevevje	-	Jan Erik Hovland
sokneprest	-	Anders Barstad
kapellan	-	Stine Margrethe Lerheim
konsulent (80%)	-	Monica Blom-Welle Eikrem
kantor	-	Håvard Sveås
kateket	-	Geir Harald Eikrem
diakon	-	Ingvild Snipsøyr
kyrkjelydspedagog	-	Lars Håvard Eikrem
kyrkjetenar	-	Daniel Andreassen



**Jan Erik Hovland**  
kyrkjevevje



**Anders Barstad**  
sokneprest



**Stine M. Lerheim**  
kapellan



**Monica B-W Eikrem**  
konsulent



**Håvard Sveås**  
kantor



**Geir Harald Eikrem**  
kateket



**Ingvild Snipsøyr**  
Diakon



**Lars Håvard Eikrem**  
kyrkjelydspedagog



**Daniel Andreassen**  
kyrkjetenar



**Therese Brungot**  
kyrkjelydspedagog,  
vikar



Våre verdier

Opne for Kristus og kvarandre  
Frimodige og tenande  
Bygger i lag

**01.**

# Opne for Kristus og kvarandre

Til våre fellesskap er alle velkomne. Som kyrkjelyd søker vi ljuset frå evangeliet, og ønsker å møte kvarandre med den same openheita Jesus viste dei han møtte.

# Statistikk

2025

NØKKELTAL	2025	2024	2023	2022	2021	2020
<i>Døpte born i alt</i>	<b>71</b>	<b>68</b>	<b>64</b>	<b>65</b>	<b>60</b>	<b>53</b>
<i>Fødde i Sula kom.*</i>	<b>104</b>	<b>107</b>	<b>95</b>	<b>94</b>	<b>97</b>	<b>101</b>
<i>Døpte av folketal %</i>	<b>68%</b>	<b>63%</b>	<b>67%</b>	<b>69%</b>	<b>61%</b>	<b>52%</b>
<i>Vigsler</i>	<b>5</b>	<b>10</b>	<b>10</b>	<b>7</b>	<b>10</b>	<b>9</b>
<i>Gravferder</i>	<b>65</b>	<b>63</b>	<b>52</b>	<b>62</b>	<b>69</b>	<b>68</b>
<i>Gudstenester i alt</i>	<b>96</b>	<b>93</b>	<b>92</b>	<b>91</b>	<b>83</b>	<b>65</b>
<i>Gj. snitt gudst. deltaking</i>	<b>113</b>	<b>114</b>	<b>99</b>	<b>105</b>	<b>61</b>	<b>66</b>
<i>Totalt deltakarar gudst.</i>	<b>10802</b>	<b>10656</b>	<b>9113</b>	<b>9621</b>	<b>5039</b>	<b>4298</b>
<i>Totalt deltaking nattverd</i>	<b>1992</b>	<b>1949</b>	<b>1799</b>	<b>1910</b>	<b>810</b>	<b>1438</b>
<i>Snitt-tal nattverd</i>	<b>34</b>	<b>32</b>	<b>32</b>	<b>37</b>	<b>29</b>	<b>38</b>
<i>Konfirmantar</i>	<b>112</b>	<b>112</b>	<b>80</b>	<b>97</b>	<b>96</b>	<b>88</b>
<i>15 åringar i Sula kommune*</i>	<b>148</b>	<b>116</b>	<b>130</b>	<b>137</b>	<b>121</b>	<b>126</b>
<i>Innmeldingar</i>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>12</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>1</b>
<i>Utmeldingar</i>	<b>24</b>	<b>16</b>	<b>15</b>	<b>25</b>	<b>36</b>	<b>26</b>
<i>Medlemmar</i>	<b>6953</b>	<b>6991</b>	<b>7007</b>	<b>6987</b>	<b>6978</b>	<b>7015</b>
<i>Folketal i Sula kommune**</i>	<b>9798</b>	<b>9759</b>	<b>9720</b>	<b>9636</b>	<b>9547</b>	<b>9409</b>
<i>Medlemsprosent av folketalet</i>	<b>71%</b>	<b>72%</b>	<b>72%</b>	<b>72%</b>	<b>73%</b>	<b>74%</b>

\* = Kjelde SSB. \*\* = Folketal ved 31. desember aktuelle år.

# Kyrkjebygg og kyrkjegardar

I kyrkjebygga og på kyrkjegardane har vi arbeida med desse prosjekta i 2025.

**Venner av Langevåg kyrkje** Utan for inngangen til Langevåg kyrkje vart det felt leire store graner for å gjere kyrkjebygget meir synleg for folk. Det er dugnadsgjengen Venner av Langevåg kyrkje som har stått for arbeidet, med noko innleigd arbeid også. Det har blitt kommentert av fleire at dei no endeleg kan sjå kyrkja igjen.

Og kyrkja er sanneleg blitt synleg etter at den no er opplyst på kvelds- og nattetid etter montering av lys rundt heile kyrkjebygget.

**Energieffektivisering av kyrkjebygga** Det er starta opp eit kartleggingsarbeid for mogleg energieffektivisering av kyrkjebygga. Det vil forhåpentlegvis resultere i fleire konkrete tiltak som vil spare miljøet, og redusere driftsutgiftene til bygga. Arbeidet held fram i 2026.

**Felles minnesmerke namna minnelund** ved Indre Sula kyrkjegard kom endeleg på plass, og vi kunne ha offisiell opning av namna minnelund ved ordførar Turid Humlen. Minnelunden har vore etterspurt i lang tid, og det er allereie vore fleire urnenedsettingar. No ventar berre Langevågarane på at dei skal få dette på kyrkjegarden i Langevåg.

Det ligg an til at det kan bli ein namna minnelund også i Langevåg. Det var i alle fall noko av det som kom fram i moglegheitsstudiet som vart gjennomført i 2025. Arbeidet med detaljprosjektering av utviding av Langevåg kyrkjegard vil starte opp i 2026.



# Vigsling til presteteneste

**19. oktober 2025; dagen for ordinasjon og å bli «ekte» prest, var ein dag eg hadde venta på og gledd meg til lenge. Ordinasjonen, eller prestevigsling som det no heiter, var eigentleg ikkje meint å kome før til sommaren, men på grunn av at eg fekk unnagjort praktikum ved Menighetsfakultetet på full tid, blei eg ferdig eitt år før planlagt.**

Eg såg fram til denne søndagen, men var også litt spent og nervøs-eg hadde jo aldri blitt ordinert før! Det kjentest ut som både konfirmasjon og bryllup på ein gong, og sommarfuglane i magen rørte kraftig på seg både dagen og natta før, og heilt fram til gudstenesta starta.

Då Håvard kantor og saksofonist René Wiik sette i gang med sitt fantastisk flotte preludium til salmen “Han gyller himlens tak i gullsinober”, kjente eg at no- no var vi i gang. Eg vart både overvelda og rørt over alle som møtte opp i kyrkja for å vere med på denne dagen, og over all støtte, forbøn og oppmuntring eg har fått langs vegen.

Gudstenesta var formell og høgtideleg med både skriftlesingar, tale og formaning frå biskop Ingeborg, ordinasjonsløfte, forbøn og handspålegging. Eg kjente på, og fekk ta imot, ein stor varme både frå kyrkjelyden og andre medverkande, og det var ein stor augneblikk då eg fekk lagt den raude stolaen over skuldrane og kunne bere messehakel under nattverden.

Gudstenesta blei avslutta med eit vakkert postludium til sluttsalmen “Guds menighet er jordens største under”.

# 18





Etterpå venta stor kyrkjekaffi i Indre Sula kyrkje, der overveldande mange stilte med kaker, helsingar og gåver. Sokneråd + stab bidrog med kaffikoking, servering og rydding. Stor TAKK til kvar og ein!

Vegen til prestetenesta har vore både strevsam og noko kronglete, sjølv om dei tre åra på MF var lærerike, inspirerande nyttige- og heilt nødvendige for å fylle på med dei to åra med teologi og kristendom som eg fullførte på Teologisk fakultet i 1993.

Prestemangelen er stor over heile landet, og mitt «indre» kall har vokse seg sterkare undervegs, noko som biskopen har trukke fram som eit svar på det «ytre» kallet. Ei større trygghet har vokse fram under arbeidet som prestevikar i snart 4,5 år; først i Ulstein, deretter i Spjelkavik og frå desember '23 i Sula sokn. Kollegiet og kyrkjelydane på alle dei stadene eg har vore, har kvar på sine måtar heia meg fram undervegs i studiar, kall og arbeid. Eg kjenner meg heldig og er svært fornøgd med å vere prest i Sula sokn. Det er godt å ha blitt prest på ordentleg, sjølv om arbeidet som «nesten»-prest også har vore veldig gjevande.

Økonomien på bispedømenivå er som mange veit trong, der som andre stader. Vi i staben må seie oss både skuffa og frustrerte over at kapellanstillinga i Sula frå oktober '25 blei skore ned til 60%. Det medfører at eg må ha 40% av tenesta mi annan stad i prostiet (for tida Borgund/Ellingsøy). Håpet er at økonomien i DNK vil betre seg i tida som kjem, slik at vi igjen får tilnærma 2 fulle årsverk i presteressursen her på øya.

For å trekke fram meir av det positive: Eg har flotte kollegaer, og kjenner på varme og tillit frå kyrkjelyden og frå folket her på Sula som vi møter i både glede og sorg. Det gjer meg audmjuk, trygg og takknemleg, og eg ser fram til endå fleire år i presteteneste her på Sula. Arbeidskvardagen som prest er ikkje så annleis etter ordinasjonen. Den store forskjellen er at stolaen no er på, og at også eg kan forrette ved vigslar. Eg ser med glede fram mot bryllupssesongen!

Stine Margrethe Lerheim  
kapellan



Foto: Jan Erik Hovland

Våre verdier

Opne for Kristus og kvarandre  
**Frimodige og tenande**  
Bygger i lag

**02.**

# Frimodige og tenande

Vi trur Gud kallar oss til diakonal teneste og nestekjærleik. Saman kan vi bety noko for kvarandre og lokalsamfunnet. I Sula sokn ønsker vi frimodig å spørje: Kva vil du eg skal vere for deg?

# Soknepresten

**Talet på gudstenester er to fleire enn i 2024. Totalt antal gudstenestedeltakarar har gått noko opp, men er stabilt. Dette er gledeleg. Antal konfirmantar er det same som i 2024, auka i gudstenestedeltaking kjem difor av andre årsakar. Det er fortsatt et stykke fram til deltakinga før pandemien. Også nattverdssøkinga auka noko. Det er gledeleg at terskelen for å gå til nattverd held fram med å gå ned.**

Vi arrangerte to nye utegudstenester i 2025, i Kaffivika ved Vassetvatnet og på Taustua. Begge hadde tilfredsstillande besøk, til trass for dårleg vêr i Kaffivika- Kristi Himmelfartsdag. På førespurnad frå soknerådet, skal vi i arbeidsåret 2025-26 ha to eigne ungdomsgudstenester, der den eine vart gjennomført hausten 2025 - under namnet `Kveldspust`.

Vi kjem til å fortsette å jobbe med å gjere gudstenestene gode og tilgjengelege. I 2024 starta vi arbeidet med at alle gudstenester skal ha eit tema. Vi trur at dette gir kvar gudsteneste ei større meining, og gir retning for arbeidet, og vi kjem til å fortsette med dette.

Antalet døypte barn er nokså stabilt, men litt auka i forhold til 2024. Utan at vi har nøyaktig statistikk på det, ser det ut som om nesten alle som sjølv er døypt, kjem med sine born til dåp i kyrkja. Antal vigslar var lavt i 2025, men det kan sjå ut som om 2026 blir betre. Vi hadde for første gong drop-in dåp og drop-in vigsel i 2025. Begge var etterspurde, og vi kjem til å fortsette med dette tilbodet.



Antal gravferder er nokså stabilt frå år til år, men det er gledeleg at Sulafolket held fram med å møte opp i stort antal, for å ta farvel med dei avlidne. Deltakinga er litt opp i gjennomsnitt, i høve til 2024.

Vi treng framleis å fokusere på gudstenestearbeidet, det blir ei viktig oppgåve også i 2026. Våren 2026 skal soknerådet vedta nye fagplanar for alle faga i kyrkja, som skal gjelde frå hausten 2026, og det blir arbeid hardt med det i staben desse dagar. I samanheng med dette, er det tidlegare kultur- og gudstenesteutvalet delt i to utval, for å få større fokus på dei einiskilde områda.

Prestskapet i Sula utgjera no av soknepresten og kapellan Stine Margrete Lerheim. Stine jobbar 60% i Sula, og er tilgjengeleg for andre delar av prostiet i 40%. Ho er eit særst godt tilskot til staben i Sula kyrkjelyd. Vi håpar at vi på sikt igjen kan få 2 heile prestestillingar i soknet.

Anders Barstad  
sokneprest



# Diakoni

**«Diakoni er omsorgstenesta til kyrkja. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd»  
(Plan for diakoni, 2020)**

Diakoniarbeidet vert gjennom plan for diakoni delt inn i fire satsingsområde som vi utarbeidar lokale planar for og har som hovudmål for arbeidet vårt i Sula kyrkjelyd. Diakoni er grunnlaget for det meste av aktiviteten vi driv i kyrkja.

## **Nestekjærleik**

Vi har hatt institusjonsandakter kvar torsdag på Sulatunet og annankvar torsdag på Dagsenteret for eldre og Erindringssenteret. Dette er eit samarbeid mellom staben i Sula sokn og pastorar i ulike frimenigheter i kommunen, etter ein oppsett turnus. Dette året er det pastor i pinsemenigheta Salem som har delteke i turnusen, i tillegg til prestane, diakon og organist. 2.påskedag og 2.juledag vart det halde gudsteneste m/nattverd på Sulatunet. Dette er viktige diakonale tilbod, og vi er glade for eit godt samarbeid med institusjonane i kommunen. Vi har også ei utegudsteneste 2. pinsedag på Tusenårsplassen. Dette er ei diakonal gudsteneste som på grunn av nærleik til Sulatun også er eit fint tilbod for bebruarane på Sulatun å vere med på.

Vi hadde Minnegudsteneste i Langevåg kyrkje søndag i romjula. Dette er ei gudsteneste der diakoni står sentralt, med diakoniutvalet som arrangørar og der dei aktivt deltek i gudstenesta. Her får vi gjennom ord og tonar minnst dei i kyrkjelyden vår som har gått bort det siste året, ved at vi les opp namnet på desse.

Kyrkja er også representert i tverrfaglege samarbeid med ulike kommunale instansar. Diakon og sokneprest er kyrkja sine representantar i den kommunale kriseleiinga og kommunen sitt psykososiale kriseteam. Andre kommunale samarbeid som kyrkja tidlegare har vore ein del av har i 2025 ikkje vore i aktivitet.

**Inkluderande felleskap** Kyrkja har fleire tiltak for inkluderande felleskap for ulike grupper.

- **Kyrkjeklubben** er ei tilrettelagt samling for menneske med ulike funksjonsnedsettingar, og dei har samling ca ein gong i månaden i Langevåg kyrkje. I 2025 hadde dei 10 samlingar der to av desse var HEIL-gudstenester. Det er mellom 20-30 personar til stades på samlingane, med faste frivillige medarbeidarar som er svært viktige for dette tilbodet.
- **HEIL gudsteneste** Det vart i 2024 utarbeida ei ny type gudsteneste, som vi har kalla HEIL-gudsteneste. Denne satsinga har vi vidareført og utvikla i 2025. Grunnprinsippet med HEIL-gudstenesten er gudstenesteinvolvering og gudstenstedeltaking uavhengig av funksjonsnivå. Ei av målgruppene for denne gudstenesta er dei som deltek på kyrkjeklubben, og vi har derfor brukt ulike delar av dette opplegget både på samlingane der og på HEIL-gudstenestene. Vi hadde ei gudsteneste i vårsemesteret og ei gudsteneste i haustsemesteret dette året. På gudstenesta i oktober deltok også Blessing, noko som var ein suksess. Dette er eit viktig inkluderingsiltak i gudstenestene våre, og vi arbeider med vidareutvikling av dette tilbodet.
- **Stefanustreff** er eit nytt tilbod knytt til misjonsprosjektet vårt. Det er ei samling som er open for alle og vi vil med dette tilbodet prøve å skape engasjement for misjonsprosjektet vårt «Stefanusbarna». Vi møtes ca ein gong i månaden i Indre Sula kyrkje.

- **Kyrkjekaffi** ynskjer vi å ha etter alle vanlege gudstenester. Det er frivillige medarbeidarar i kyrkjelyden som har ansvar for dette etter oppsett turnus. Dette er eit viktig diakonalt tiltak for å skape fellesskap knytt til gudstenestene våre.

**Fellesskap for born og unge** som **babysong** og **barnekor** har vore populære aktivitetar også i år. Vi har hatt tilbod om babysang både vår og haust i 2025. Dette er eit viktig fellesskap som vi ynskjer å kunne tilby til foreldre og born som er heime i fødselspermisjon.

Barnekoret er eit stort og viktig kontinuerleg arbeid for born i kyrkjelyden vår som diakon er involvert i. Det har vore ein nedgang i antal barn i Blessing i 2025.

## Vern om skaparverket og kampen for rettferd

**Misjonsprosjektet:** Vi gjorde eit skifte i februar 2025 i høve misjonsprosjekt i Sula kyrkjelyd. Det nye prosjektet «Stefanusbarna i Egypt» er knytt til Stefanusalliansen og arbeidet deira for born og familiane deira i søppellandsbyen i Egypt. Kyrkjelyden vår samla i 2025 inn 44 142kr gjennom ofringar på gudstenester og privat givarteneste til dette prosjektet.



**Kirkens Nødhjelp** sin fasteaksjon er eit anna stort diakonalt tiltak i kyrkjelyden vår. Her er ein med å gjere ein forskjell for dei som har minst. Arbeidet med at fleire skal få tilgang på reint vatn har dei siste åra vore satsingsområdet for Fasteaksjonen. Pengane vart i år samla inn gjennom ein dør-til-dør -aksjon, i tillegg til at vi perla armband med slagordet «Håp i ein drope vatn» som vi selde på gudstenester og arrangement i kyrkjene. I 2025 vart det samla inn 120 017kr til årets aksjon gjennom dør-til-dør-aksjon, sal av armband, gudstenesteoffer og vipps. Dette er eit kjempebra resultat, og ved godt oppmøte av konfirmantar og nokre frivillige som gjekk ei rode fekk vi dekt nesten alle rodene vi har. Tusen takk til alle konfirmantar, foreldre og frivillige som var med å gjere dette mogeleg.

## Diakoniutvalet og framtidsplanar

Diakoniutvalet i Sula sokn bestod i 2025 av Søgni Grøndal (leiar), Lisbeth Båtnes Hareide, Jorid Strømmand, Rigmor Matvik og Jessie Strand Fagervoll. Frå staben er diakon Ingvild Snipsøyr med i utvalet. Utvalet har hatt lite aktivitet dei siste åra utanom planlegging og gjennomføring av faste arrangement og gudstenester. Vi håper på å få opp igjen aktiviteten i utvalet i 2026.

Ingvild Snipsøyr  
Diakon, Sula kyrkjelyd



# Trusopplæring

I 2025 har det for første gang på ein del år vore stort sett stabilt personalmessig i undervisningsseksjonen. Anne Marie Sødal slutta riktignok som kateket i februar; men Geir Harald tok over kateketoppgåvene, medan Lars Håvard var 80% tilsett fram til og med april og så 100% resten av året, med fast tilsetning frå sommaren av. Geir Harald var både på våren og hausten student ved sidan av arbeidet.

## Ulike tiltak

På våren gjennomførte vi 1.klassesamling, Mesternes Mester og tårnagentsamling som vanleg. Vi flytta også 4.klassesamlinga til vårparten for å få ein betre balanse i tiltaka gjennom åra. I tillegg hadde vi Kirkerottene på besøk dette året.

**1.klassebok** vart i 2025 gjennomført med samling i begge kyrkjene, men berre ein gudsteneste som vi la til Fastelavenssøndag. På samlinga laga barna fastelavensris, og gudstenesta vart gjennomført som ei karnevalsgudsteneste med påfølgande utvida kyrkjekaffi med mellom anna lykkehjul, fastelavensbollar, pinata og tombola til inntekt for misjonsprosjektet. Dette vart ein kjempesuksess som vi ønsker å gjere til ein tradisjon.

**Mesternes Mester** (7.kl) var det denne gangen berre 12 deltakarar på, vi ser det går litt opp og ned for denne aldrergruppa.

**4.klassesamlinga** var også ein suksess med 20 deltakarar. Vi snakkar om å på ein eller anna måte prøve å gje denne aldrergruppa tilbod om litt fleire samlingar i etterkant av sjølve 4.klassesamlinga.

**Tårnagenthelga** var det denne gangen 19 deltakarar.

**Kirkerottene** var på besøk i mars. Her inviterte vi 5 og 6 åringar; og det var 33 barn tilstades. Stor suksess med andre ord. Etter teateret serverte vi pølser og mange stoppa igjen. Vi har landa på å invitere til kirkerotteteater annankvart år, så neste gang blir i 2027.

**Klar! Ferdig! Gå!** Etter sommaren starta vi med Klar!Ferdig!Gå!-gudsteneste som nok ein gang vart ein stor suksess. Flott at både mange tilsette og frivillige er i sving her; det er vel det næraste vi kjem ein kyrkjelydsdag gjennom året. Både Blessing og BigBless var involvert, og det var 20, 5-åringar og rundt 20, 2.klassingar tilstades, i tillegg til mange andre barn og vaksne.

**4-årssamling og 4-årsgudsteneste** med tilsaman 25 4-åringar innom, som nok ein gong var ein nedgang frå året før. Vi ser at kulla totalt sett er mindre, så det kan forklare ein del av nedgangen.

**LysVaken** vart gjennomført utan overnatting denne gangen på grunn av manglande nattevakter. Vi hadde 15 kjekke 6.klassingar innom både lørdag og søndag.

**Korarbeid** Blessing og BigBless er framleis i godt gjenge. Men vi ser ein nedgang i antal barn, noko som gjer det litt meir utfordrande i høve å kunne stille på songoppdrag. Hausten 2025 starta det berre 4 nye barn. Vi ser likevel at korarbeid framleis er eit tiltak som får barn og unge innanfor kyrkjedøra; og med dei ein god del foreldre som får eit forhold til kyrkja.

Når kora deltar i gudstenestene genererer det ekstra mange gudstenestedeltakarar; det er også kjekt å sjå den positive effekten barna har på gudstenestene; blant anna ved stor nattverd- og bønnevandringsdeltaking



**Babysong** gjennom heile året har det vore babysang. På vårhalvåret var det i Langevåg kyrkje på måndag føremiddag. På hausten flytta vi det til onsdagar og inn til Indre Sula Kyrkje. Therese Brungot har leia det. På våren var det 17 samlingar og på hausten var det 14, totalt 31 samlingar. På vårhalvåret var vi eit par gongar på Erindringscenteret, men frå hausten av vart det bestemt at siste onsdag i månaden skulle vere fast dag på Erindringscenteret. Dette opplever vi som ekstra meningsfullt.

Dette året har 49 ulike babyar vore med. Og det har vore snitt på over 8 babyar per gong! Og det kan vere lurt å tenke på når vi skal tenke vidare om korleis vi skal organisere trusopplæringa. Korleis kan vi få med få med desse vidare?

33



## Konfirmantar

Våren 25 konfirmerte vi 112 konfirmantar. Og hausten 25 starta 95 nye 9.klassingar som konfirmantar hos oss. Vi er slik inne i ein periode med rekordstore kull og stor oppslutning om konfirmasjon. Det gir både unike moglegheiter og sjølvstøtt også nokre utfordringar; men dei er heldigvis ikkje større enn at vi klarer å gjennomføre eit godt konfirmantopplegg.

Leir på Orreneset vart det med 33 konfirmantar i oktober. Vi krevde denne gangen meir deltaking av foreldre, særleg som nattevakter, noko som var ein suksess. Dette året var også første gangen vi hadde med ein konfirmant med funksjonshindring. Dette gav oss verdifull erfaring i høve tilrettelegging, og vi fekk også gode tilbakemeldingar på at det hadde vore eit godt opplegg.

Nattcup vart ein kjekk kveld for dei aller fleste. Alle konfirmantane var med på nattcup i Sparebanken Møre Arena saman med konfirmantar i Ålesund.

Undervisning og temalørdag elles har det vore «vanlege» undervisningssamlingar i kyrkja etter skuletid i grupper. Vi hadde også ein temalørdag for gruppekonfirmantane på hausten.

Store elevkull med mange konfirmantar for tida grunna store elevkull. Og det er framleis slik at kyrkja er den vanlege måten å konfirmere seg på Sula. Det er noko vi må forvalte med glede. Vi har lagt vekt på å vere minst to tilsette tilstade på alle gruppesamlingane dette året, det gir ein tryggleik for både konfirmantane og oss å vere fleire.

## Kyrkje/barnehage - skule-samarbeid


Våren 25 hadde vi påskevandringar med dei eldste i barnehagane og før jul hadde vi julevandringar. Vi hadde også gudstenester for alle barnehagane til jul. Nokre av barnehagane laga engler som vi pyntar med i kyrkja før jul.

Alle skulane var også på julegudstenester dei to siste skuledagane før jul.

I tillegg har vi også hatt skuleklassar på besøk i Langevåg kyrkje.

Vi opplever at vi har eit godt samarbeid med både skule og barnehagar, men vi har ein veg å gå for å strukturere dei tilboda vi kan gi særleg skulane gjennom

åra. I tillegg er det ei ekstra utfordring at Rørstadmarka skule er avhengig av buss, medan dei andre skulane har gangavstand; dette gjer at vi må tenke kreativt rundt det å kunne tilby gode tilbod til alle skulebarna på Sula.





Våre verdier

Opne for Kristus og kvarandre  
Frimodige og tenande  
Bygger i lag

## 03. Vi bygger i lag

Til våre fellesskap er alle velkomne. Som kyrkjelyd søker vi ljuset frå evangeliet, og ønsker å møte kvarandre med den same openheita Jesus viste dei han møtte.

# Kyrkjemusikk

Musikklivet på Sula byr stadig på gode musikarar, og i 2025 må særleg bidraga frå familien Godø Wiik trekkast fram! Både matpakkekonserten med René Wiik, med over 100 i salen(!), ungdomsskulen si julegudsteneste der Iver Godø Wiik var med og julaftan der Vilde Godø Wiik var med saman med pappa René var flotte musikalske opplevingar til glede og inspirasjon.

Matpakkekonsertane har elles mellom anna vore gjesta av Svein Blomvik med trekkspilet sitt, og av jazzbassist Eskild Okkenhaug, i tillegg til at kantor Sveås har hatt konsertar med musikalsongar, vårtema, orgelframsying og adventssalmar.

Musikalske messer er framleis populære gudstenester, og i 2025 må særleg messene med Per Erik Hallin sin musikk i mars og Ron Kenoly sin musikk i september nemnast.

Det er stor stas for både kyrkjelyd og kantor når vi får med så dyktige musikarar som Lars Erik Dahle, Nicklas Myhre, Ruben Dalen og Bernt Roar Baade, og alltid kjekt når Voxing er med!

Av konsertar har det også i år vore mykje flott i kyrkjene på Sula. Langevåg musikkorps hadde ein flott konsert med mellom anna Sigvart Dagsland-musikk i samarbeid med kantoren, kulturskulen har hatt både pianokonsert og julekonserten "Stjerneskimmer" i løpet av året, Emil Solli-Tangen heldt på ny julekonsert og Naturen syng hadde slik dei plar julekonsert.

I tillegg var julesongkveld siste søndag før jul også i år, og på 1. juledag var Sula Trad Band med og løfta stemninga i taket som alltid!



I november markerte vi jubiléet for nynorsk salmebok med ein fin salmekveld der Per Halse heldt foredrag og Håvard Sveås song og spelte litt åleine og aller mest saman med kyrkjelyden. Flott at vi kunne løfte fram dei nynorske salmane - takk til Sula mållag som var pådrivar og arrangør!

Elles er kantor som vanleg med med musikk i andaktene på eldreinstitusjonane, Syng med oss og sangstunder på Molvær senter, og i gravferder, vigsler og gudstenester i soknet.

Takk også i år til alle som stiller opp og gir oss flotte musikalske opplevingar i kyrkjene på Sula, og til alle som kjem og høyrer på eller syng saman med oss!

Håvard Sveås  
kantor



# Økonomi

Rekneskapen er ført og avstemt av økonomiavdelinga i kommunen, og vart fastsett i sokneråd 18. mars 2026.

## Positivt driftsresultat

Driftsresultatet for 2025 visar eit mindreforbruk på kr. 42 000. Drifta vart prega av vakansar og sjukemeldingar, som har ført til noko reduserte utgifter. Det har påløpt ekstraordinære kostnader til reparasjonar, vedlikehald og andre byggetenester. Noko som elles ville ført til eit større mindreforbruk.

Det økonomiske driftsgrunnlaget kjem i hovudsak gjennom tilskot frå kommunen, heimla i Lov om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 3 og Lov om trus- og livssynssamfunn (trussamfunnslova) § 14.

Tilskotet til drift frå kommunen i 2025 var kr 5 229 144. Soknet hadde også andre driftsinntekter på kr 3 485 448. Desse omhandla festeavgifter og betaling for gravstell på kyrkjegardane, utleige til konsertar, tilskot frå bispedøme til løn til diakon-stillinga og trusopplæringa, sjukelønsrefusjonar, mva-kompensasjon, og gudstenesteoffer og andre gåver gitt til kyrkjelydsarbeidet. Driftsrekneskapen er avslutta med eit mindreforbruk (overskot) på kr 42 000, og då er meirforbruket (underskot) frå 2023 på kr 72 000 fullt inndeckt.

## Investeringar

Kommunen ga også tilskot til investeringar. Til saman bokført til kr 905 456, der kr 500 000 var ei ubunden rammeløyve, og resten til ferdigstilling av namna minnelund på Indre Sula kyrkjegard.

Det vart arbeidd med fire prosjekt: ferdigstilling av parkeringsplassen ved Indre Sula kyrkje, namna minnelund på Indre Sula kyrkjegard, utviding av Langevåg kyrkjegard, energieffektivisering av kyrkjene. Alle prosjekta hadde ikkje forventta framdrift, eller hadde lågare kostnader enn forventta. Ein del av dei ubundne investeringsmidlane vert difor satt av til framtidige investeringar og fullføring av prosjekta i åra som kjem.

## Konklusjon

Sjølv om vi i 2025 hadde balanse i drifta, må arbeidet med effektivisering av drifta halde fram. Kommunen si økonomi er under press, og signala er at vi ikkje kan sjå vekk frå ytterlegare kutt i driftstilskotet framover. Alt vi kan gjere for å betre økonomien, er viktig for å oppretthalde stillingane og aktivitetane våre, og eit minimum av vedlikehald på kyrkjebygga.

For fullstendig oversikt over soknet sin økonomi kan ein lese årsrekneskapen, med mellom anna oversikt over drifts- og investeringsfond, som ligg ved årsmeldinga.

Årsrekneskapen vert oversendt revisor, som vil gje si revisjonsmelding innan 1. mai.

# Strategi og vegen vidare

Våren 2025 gjennomførte vi ein strategiprosess som hadde som mål å skape felles tankar og retning for arbeidet i soknet, både mellom dei tilsette og dei frivillige. Direktør i KA, Jens A. Bjelland, vart engasjert til å leie prosessen.

Det starta med idémyldringar etter gudstenester i Langevåg kyrkje og Indre Sula kyrkje, saman med ei opa spørjeundersøking. Deretter vart det satt saman ei strategigruppe med stab, sokneråd og frivillige, som skulle ta arbeidet vidare i prosessen.

Vi hadde fleire samlingar gjennom våren, og i juni resulterte dette i at soknerådet kunne vedta hovudstrategien som inkluderte ein visjon, tre verdier og 5 mål med tilhøyrande strategiske grep. Strategien skal gjelde fram til juni 2029, då eit nytt sokneråd skal vedta ny strategi.

Eit slikt strategisk arbeid har ikkje vore gjort i Sula sokn tidlegare, i alle fall ikkje på denne måten. Det er von om at dette kan gje ei samlande effekt og retning for arbeidet, og skape engasjement blant dei folkevalde i soknerådet, frivillige, staben og kyrkjelyden.

Etter fleire år med utskiftingar i staben, ser vi no framover mot måla for denne 4-års-perioden, og visjonen om å skape ein stad å høyre til. Vi håper vi som stab og kyrkjelyd kan løfte i lag, og ønsker å legge til rette for engasjement. Eg håper du som les også vil ta del i dette.

Guds signing over tida framover.  
Jan Erik Hovland  
kyrkjeverje

## Visjon

*Ein stad å høyre til*

## Verdier

1. Opne for Kristus og kvarandre
2. Frimodige og tenande
3. Byggjer i lag

**5 mål:**

### Mål 1: Kyrkja betyr meir for fleire

1. Feire gudsteneste og vidareutvikle dei som eit kristent fellesskap som inviterer til tru og engasjement.
2. Utvikle og etablere ein ny arena for fellesskap med særleg fokus på barnefamiljar
3. Skape fleire arenaer der fellesskap opplevast i små grupper
4. Jobbe målretta med å vidareutvikle eit rikt og variert musikkliv

### Mål 2: Auka frivillighet

1. Styrke tilsette i rolla som frivillighets-kordinatorar.
2. Systematisere involvering av frivillige, oppgåver og opplæring.
3. Arrangere årleg frivillighetsfest.
4. Innføre årleg måling av frivillig innsats i årsverk.

### Mål 3: Betre nå dei som treng oss

1. Lage kommunikasjons-planar for viktige aktivitetar og fellesskap
2. Vidareføre satsinga på Kyrkjeklubben
3. Skipe og etablere minst eit nytt diakonalt tiltak i dialog med kommune og organisasjonsliv

### Mål 4: Sikre gode rammevilkår

1. Styrke dialogen med kommunestyret og kommune-administrasjonen.
2. Synleggjere betre kva vi skapar for tilskotet vi mottek.
3. Gjennomføre eit prosjekt for å auke givartenesta både i inntekt og antall givarar

### Mål 5: God gravplassforvaltning for alle

1. Gjennomføre gode, årlege møter med trus- og livssynssamfunna i Sula.
2. Fullføre arbeidet med etablering av namna minnelundar, og utviding av Langevåg kyrkjegard.
3. Kartlegge framtidige behov og ønsker for etablering av urnevegg.



*Ein stad á høyre til*